

4. GEBYR FOR HANDSAMING ETTER MATRIKKELLOVA OG EIGARSEKSJONSLOVA

Heimel: *Lov av 17 juni 2005 nr. 101 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 32*
Forskrift av 26 juni 2009 nr. 864 om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) § 16
Lov av 16 juni 2017 nr. 65 om eigarseksjonar (eigarseksjonslova) § 15
Geovekstavtalen.

Vedtak: Sak 104/24 i kommunestyret

4.1 **Generelle reglar**

Regulativet speglar det faktiske sakshandsamingsarbeidet dei ulike sakstypane medfører (sjølvkost).

Gebyrregulativet delast inn i 3 hovuddelar, som er handsaming etter matrikkellova, eigarseksjonslova og tinglysingslova.

4.2 **Urimeleg gebyr**

Gebyrfastsettinga i den enkelte sak kan ikkje klagast på. Dersom gebyret er urimeleg høgt i høve til kostnadene, kan avdelingsleiar, etter søknad, fastsette ein passende reduksjon i gebyret.

Avdelingsleiar si avgjerd på søknad om reduksjon av gebyr kan det klagast på etter reglane i *lov av 10 februar 1967 om behandlingssmåten i forvaltningsaker (forvaltningslova)*.

4.3 **Rabattar**

Ved samtidig oppmåling av 2 til 10 tilgrensande tomter eller eksklusivt uteareal til eigarseksjonar som vert rekvirert av same rekvirent og i same sak vert det gjeve fylgjande reduksjonar i gebyret per. eigedom/seksjon: 10%.

Ved samtidig oppmåling av fleir enn 10 tilgrensande tomter eller eksklusivt uteareal til eigarseksjonar som vert rekvirert av same rekvirent og i same sak vert det gjeve fylgjande reduksjonar i gebyret per. eigedom/seksjon: 30%.

4.4 **Betalingstidspunkt**

Gebyret kan krevjast på førehand.

4.5 **Indeksregulering**

Alle satsar etter matrikkellova og eigarseksjonslova i dette regulativet er gjenstand for indeksregulering (kartindeksen).

4.6 **Innhenting av eksterne opplysningar**

Kostnadar som vert påført kommunen i samband med innhenting av relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, skal vidarefakturerast til rekvirenten.

4.7 Sal av geodata

Sal av geodata har ein minstepris på kr 1250.

GEBYR FOR HANDSAMING ETTER MATRIKKELLOVA

4.8 Oppretting av matrikkeleining

Tabell 1. Oppretting av grunneigedom og festegrunn (med oppmåling)	Gebyr
a. Areal frå 0 – 250 m ²	20629
b. Areal frå 251 – 2000 m ²	29927
c. Areal frå 2001 m ² – auke per påbegynt 1000 m ²	1909

Tabell 2. Matrikulering eksisterande umatrikulert grunn (utan oppmåling)	Gebyr
a. Areal 0 - 500 m ²	11170
b. Areal 501 - 2000 m ²	14939
c. Areal 2001 m ² - auke per påbegynt 1000 m ²	1148

Tabell 3. Oppretting av anleggseigedom	Gebyr
a. Volum 0 - 2000 m ³	20206
b. Volum 2001 m ³ ; per 1000 m ³	1735

Tabell 4. Oppmålingsforretning landbruksføremål	Gebyr
a. Oppmålingsforretning landbrukseigedom (LNF) der landbruksføremålet ikkje vert endra	1685 per time etter tid gått med, med minstepris på 29927

Tabell 5. Jordsameige	Gebyr
a. Registrering av jordsameige	1685 per time etter tid gått med, med minstepris på 6744

4.9 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Tabell 1. Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning	Gebyr
a. Utan fullført oppmålingsforretning	Sjå tabellane under punkt 4.8
b. Tilleggsgebyr for oppmåling per matrikkeleining	5479
c. Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering. Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, må avvisast, ikkje let seg fullføre på grunn av endra heimelstilhøve eller av andre grunnar ikkje kan fullførast.	1/3 av satsane etter punkt 4.8 tabell 1 og 2.

4.10 Grensejustering

Tabell 1. Grensejustering av grunneigedom, festegrund og jordsameige	Gebyr
a. Areal 0 - 250 m ²	11220
b. Areal 251 - 500 m ²	13116

Tabell 2. Grensejustering av anleggseigedom	Gebyr
a. Areal 0 - 250 m ³	13116
b. Areal 251 - 1000 m ³	18008

4.11 Overføring av areal

Tabell 1. Arealoverføring av grunneigedom, festegrund og jordsameige	Gebyr
a. Areal 0 - 250 m ²	20904
b. Areal 251 - 500 m ²	30377
c. Arealoverføring per nye påbegynt 500 m ² medfører ein auke av gebyret på	1622

Tabell 2. Arealoverføring i anleggseigedom	Gebyr
a. Volum 0 - 250 m ³	22115
b. Volum 251 - 500 m ³	24923
c. Arealoverføring per nye påbegynt 500 m ³ medfører ei auke av gebyret på	1909

4.12 Klarlegging av eksisterande grense

Tabell 1. Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning	Gebyr
a. Inntil 2 grensepunkt	7102
b. For overskytande grensepunkt – Pr punkt	1385

Tabell 2. Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare ikkje er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning / eller klarlegging av rettar	Gebyr
a. Inntil 2 grensepunkt	11232
b. For overskytande grensepunkt - Pr punkt	1822

4.13 Private grenseavtalar

Tabell 1. Private grenseavtalar	Gebyr
a. Registrering av private grenseavtalar	1685 per time etter tid gått med, med minstepris på 6744

4.14 Utsending av matrikkelbrev

Tabell 1. Utsending av matrikkelbrev	Gebyr
a. Matrikkelbrev inntil 10 sider	287
b. Matrikkelbrev over 10 sider	581

GEBYR FOR HANDSAMING ETTER EIGARSEKSJONSLOVA

4.15 Gebyr heimla i lov om eigarseksjonar

Gjeld deling i eigarseksjonar av eigedom, samt sletting av eigarseksjonar. I følge eigarseksjonslova, er det med heimel i § 15 fastsett følgjande:

Tabell 1. Eigarseksjonering av bygg (eigarseksjonslova kap. III §§ 10-19)	Gebyr
a. Gebyr for handsaming og oppretting av seksjonssameige – grunnpris	21877
b. Tilleggsgebyr pr eigarseksjon	2184

Tabell 2. Reseksjonering av bygg (eigarseksjonslova kap. IV §§ 20 – 22)	Gebyr
a. Gebyr for reseksjonering av seksjonssameige – grunnpris	10945
b. Tilleggsgebyr pr eigarseksjon	724

Tabell 3. Sletting av eigarseksjonar	Gebyr
a. Gebyr for å slette seksjonssameige – grunnpris	4481
b. Tilleggsgebyr pr sletta eigarseksjon	437

4.16 Oppmåling av uteareal per eigarseksjon

Tabell 1. Oppmåling av uteareal per eigarseksjon	Gebyr
a. Areal 0 - 50 m ²	10670
b. Areal 51 - 250 m ²	11906
c. Areal 251 - 2000 m ²	14914
d. Areal frå 2001 m ² - auke per påbegynt 1000 m ²	862

GEBYR ETTER TINGLYSINGSLOVA

4.17 Tinglygingsgebyr for registrering av grunneigedom

Tinglysingsutgifter som er statleg kjem i tillegg. Gebyrsatsane som er fastsett, er å finne på kartverket sine heimesider.